

Fjell går frå eitt til tre sokn

Side 4



Ny gravplass

Side 2



Familiekontakt

Side 6



Treff i Foldnes

Side 5

UTGJEVAR Fjell sokneråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 5 gonger i året og kostar kr 150,- pr. år. For utanbygds: kr 200,-.

Bankgiro, Kyrkjebladet
8580.14.09461

Bankgiro, Fjell sokneråd
8580.14.09453

Ansvarleg redaktør
Annlaug Børve

Redaktør og grafisk design
Margit Liljan Apelthun

Trykk
Bodoni AS

Forsidebilde
Ingalis A. Malmo

Kyrjekontoret
Postboks 184,
5342 Straume

Telefon
55 09 74 40

Epost
post.kyrkja@fjell.kommune.no

Besøksadresse
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

www.fjell-kyrkjelyd.no



Meir lokal styring

Medan det i kommune-norge vert snakka om kor gjevt det er med kommunesamanslåing, så går kyrkja i Fjell den andre vegen. Før sommarferien vedtok bispedømmerådet at Fjell sokn skal delast opp i tre sokn. Det er fordi ein vil ha meir lokal styring, og ein tenker at det vil skape større lokalt engasjement.

Fjell sokneråd har i haust gitt si uttale om kor soknegrensene bør gå, og at dei nye soknenamna bør bli Fjell, Foldnes og Landro, men det er bispedømmerådet som skal endeleg avgjera dette i sitt møte i november.

Dette kan du lese meir om i vårt intervju med soknerådsleiar på side 4.

I Fjell fins det ulike treffstader for godt vaksne. Kyrkja arrangerer Treff kvar månad både i Foldnes kyrkje og i Landro kyrkje.

Sotra Arena blir ein ny treffstad for seniorar. Tilbodet er eit samarbeid mellom kommunen og ulike frivillige organisasjonar. Det fins meir informasjon om dette på side 5.

Kyrkjebladet har møtt tobarnsmora Nouran Boushi frå Syria, som fekk hjelp av Mariann frå HomeStart. Nouran kom til Fjell kommune for eit år sidan, saman med mann og to barn. Mannen jobba seint og tidleg og Nouran var mykje åleine. Men det endra seg då Mariann kom på besøk. Dei fant tonen med ein gong. Mariann vart ein god samtalepartnar for Nouran og ei «reservebestemor» for barna, fortel ho i intervjuet på side 6.

Misjonsprosjektene til dei tre kyrkje-ene i soknet kan du lese om på side 7.

På side 8 kan du lese om fleire flotte konsertar som du kan gå på i haust. Vi vil nemne «Staskonsert» med lokale musikarar. Og om julekonserten «Stille natt» som du berre kan glede deg til.

Dei ulike T-dagane i trusopplæringa kan du lese om på side 10-11. Kanskje ser du bilde av nokon du kjenner?

Vi vonar at våre lesarar finn Kyrkjebladet både oppmuntrande og opplysende i haustmørket. Velsigna haust! **MLA**

INNLEVERINGSFRIST for annonser og kunnjingar til desemberutgåva av Fjell kyrkjeblad: 1. november.

Ny gravplass ved Kleivane

Det vanka roser frå kyrkjevevje Annlaug Børve, då det nyleg vart markert at den nye gravplassen ved Kleivane på Fjell gard er ferdigstilt. Den nye gravplassen skal vigslast søndag 2. november.



– Det er kjekt å sjå kor fint det er blitt her. Gravplassen er ein stad der ein kjem i både sorg og fortvilning og i ettertanke og takksemd. Det viktig at ein slik plass vert utforma slik at det opplevast godt å komme dit. Eg gler meg difor over eit godt utført arbeid frå alle involverte, og over resultatet, som er ein vakker gravplass. Kyrkjevevje takka Fjell kommune og prosjektleiar Eirik Milde for eit godt samarbeid om prosjektet. – Eg har kjent meg trygg på at prosjektet var i dei beste hender.

– Det er vel feil å seie at eg «gler» meg til å ta denne gravstaden i bruk, sa fungerande sokneprest, Bjarte Nese.

– Men vi veit at vi kjem til å fylgja mange her til denne staden i årene som kjem. Då er det kjekt at det er fint her, – det gler eg meg over.

Landskapsarkitekt Frode Røynesdal frå firmaet «Akasia» takka for samarbeidet. Arbeidet med denne gravplassen tok til i 2009. **IAM**

Sotra Reviderte

saman med 120 songarar frå Bjørgvin kyrkjesongforbund, syng me **Mozart Requiem** :
Laurdag 25.oktober kl. 17.00 i Erdal kyrkje
og
Søndag 26.oktober kl 17.00 i Skjold kirke


Entré. Velkomen!
4 solistar frå Griegakademiet.
Musikk: Markus Malmgren - orgel (frå Sibeliusakademiet/Finland)
Dirigent: Gro Anthun.

Kollisjonen

Ein dag i tenåra sat eg heime og høyrde ein stor smell. På det tidspunktet budde vi i Arna, og eg låg på sofaen. Eg reiste meg og såg ut av glasnet, to bilar hadde kollidert nede på hovudvegen. Den eine bilen hadde tydelegvis ikkje fått så store skadar. Den andre bilen, ei stasjonsvogn, hadde blant anna mista det eine framhjulet. Kven som var skuld i ulykka, veit eg ikkje. Men sikkert var det, at den andre bilen køyrde bort frå ulykkesstaden i rasande fart. Sjøføren fekk nok panikk, og ville stikke av frå problemet. Komme seg unna. Litt seinare på dagen såg eg på Tekst-TV at mannen som køyrde bilen var blitt pågripen på Osterøy. Han var ca. 18 år gammal.

Når Bibelen fortel om møte mellom Gud og menneske, står ofte noko på spel. Det er dramatisk på fleire måtar. Då Jesus møtte den kortvokste tollaren Sakkeus, blir den upopulære svindlaren umiddelbart forandra. Jesus bekrefta menneskeverdet hans og møtte han med nåde. Men det ligg også ein dom over Sakkeus der. For i møtet med Jesus får Sakkeus auge på seg sjølv. Jesus treng ikkje fortelje han noko. Sakkeus skjønner. No vil han sjølv gje tilbake det han har lurt til seg. Jesus løftar han opp, og det skaper eit nytt liv.

Då Jesus kom som menneske, kunne Gud vise seg ansikt til ansikt. No var det ikkje nødvendig med brennande busker, eldsøyler eller skypumper, som vi høyrer om i Det gamle testamentet. No kunne han gje sin bodskap til menneska utan denne voldsomme dramatikken. Det skjedde så enkelt og stille – ved at han vart fødd på fattigmans vis i ein stall. Kanskje er det lett å gløyme kven



han eigentleg er. Men den veldige krafta blir tydeleg i dei møte som han har med menneska.

Bibelen fortel også om Jesu møte med den blinde Bartimeus. Han får også bekrefta sitt menneskeverd. Lasarus får livet tilbake etter å ha vore tre dagar i grava. Jesus gav menneske eit blikk for det nye som skal komme – men på ein måte som vi tåler å sjå – innanfor denne verda sine grenser. Møtet med Jesus viser oss livet vårt sett med Guds auge.

Eg har mange gonger lurt på korleis det gjekk med sjåføren. Han valde ein

frykteleg dårleg måte å løyse problema sine på. For å begynne på nytt, er det nødvendig å stå for det som er skjedd. Å stikke av er sjeldan ei god løysing. Men det kan verke enklare på kort sikt. Eg håpar at nokon hjalp han. Jesu møte med menneske opnar opp for noko nytt og langsiktig. Han møter oss der vi er. Vi kan opne for Guds handling ved å vereause og respektfulle, og hjelpe kvarandre til å stå for våre liv.

Av Bjarte Nese, sokneprest

innhold

Side 4 Frå eitt til tre sokn

Side 5 Treffstader for seniorar

Side 7 Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Side 8

Side 10-11

Side 12

Kyrkjemusikk

T-dagane

Gudstenesteoversikt



Fjell sokn skal delast i tre

Bispedømmerådet har bestemt at Fjell sokn skal delast opp og bli til tre sokn, knytt til dei tre kyrkjene Fjell, Landro og Foldnes. Kyrkjebladet har tatt ein prat med soknerådsleiar Dag Olav Bjørøy og spurt korleis dette skal gå til.

– Fjell sokn er i dag det største soknet i Norge. Vi har tre separate kyrkjelydar, og det er mange som føler det er ein «lang veg» frå dei enkelte kyrkjelydane og til soknerådet.

Soknerådsleiar Dag Olav Bjørøy svarar slik då vi spør han kvifor ein vil dele Fjell sokn opp i tre.

Meir lokal sjølvstyring

– Ein fordel er at det blir meir lokal sjølvstyring og ei sterkare eigedoms-kjensle når soknerådet soknar direkte til kyrkjelyden, seier Bjørøy og legg til at ein meiner det også vil auka det kyrkjelege engasjementet.

Det er bispedømme som har bestemt delinga, men soknerådet i Fjell har gitt klarsignal, sjølv om eit knapt fleirtal i soknemøtet som handsama spørsmålet ikkje gjekk inn for deling.

Grensene

Soknerådet har nyleg gjort vedtak på si innstilling på kor grensene for dei tre ulike sokna skal gå.

– Det fell stort sett naturleg i høve til dei tre kyrkjene. Vi har vald å følge valkrinsane, med eitt unntak; Spjeld som skal sokne til Landro kyrkje. Bildøy vil fortsatt sokne til Fjell kyrkje. Det er bi-



Soknerådsleiar Dag Olav Bjørøy.

spedømmerådet som skal ta den endelege avgjerda på sitt møte i november.

Namna på dei tre nye sokna vil truleg verte Fjell, Foldnes og Landro. Det er soknerådet si innstilling. Stadnamnkonsulenten på Vestlandet har tilrådd desse namna.

– Vi har allereide tre kyrkjelydsutval som er knytt opp mot dei enkelte kyrkjene. Difor blir det ikkje så mange fleire tillitsvalde som trengs for å få det til, poengterer Bjørøy.

Meir administrasjon

Det er ein stab og eitt kyrkjekontor

som skal gi sørvis til alle tre sokna.

I kvar kommune er det eit fellesråd. Når kommunen har fleire sokn, skal dette rådet vere med på å koordinere arbeidet mellom sokna. Fellesrådet er arbeidsgjevar for staben.

– Det er ikkje til å stikka under ein stol at det vil bli noko meir administrasjon med tre separate sokn. Som sjølvstendige sokneråd kan dei bestemma sine egne planar. Då kan ein risikere tre ulike planverk i tenester som til dømes diakoni, kyrkjemusikk, undervisning, trusopplæring og ungdomsarbeid. Men det er råd å forsetje med samarbeid, slik ein gjer no, seier Dag Olav Bjørøy.

For å samanlikna med andre kommunar, så har Øygarden hatt to sokn i ein mannsalder, og på Askøy er det fem sokn.

Soknemøte

Søndag 23. november, etter gudstjenestene, vert det soknemøte i alle tre kyrkjene. Då skal det vedtakast kor mange medlemmer kvart sokneråd skal ha. Etter lova kan ein velge mellom å ha 4, 6, 8 eller 10 soknerådsmedlemer.

MLA

Mannsgruppa i Foldnes kyrkje

Mannsgruppa er ein del av arbeidet til kyrkjelydsutvalet i Foldnes kyrkje. Vi ynskjer fleire medlemmer, gjerne frå dei to andre kyrkjelydane Fjell og Landro også.

Medlemsmøtene har vi stort sett i Foldnes kyrkje siste torsdag i månaden. Nokre gonger er vi på bedriftsbesøk. Vi har også blåtur og fisketur.

Møteprogrammet for resten av året ser slik ut:

• 30. oktober. Leif Jarle Theis, mangeårig leiar av Kirkens Bymisjon, vil vera saman med oss, og kveldens tema er «Diakoni».

• 28. november. Adventsmøte. Gunnar Danbolt, kunsthistorikar, er saman med oss, og kveldens tema er «Dei første kristne, korleis feira dei Jesu fødsel».

Medlemsmøtene vert avslutta med ein liten andakt.

Mannsgruppas målsetting:

- Bevare og vinne menn for Jesus Kristus, - og vera til hjelp og støtte for kvarandre i trua.
- Bevisstgjere medlemmer som far og ektefelle.
- Støtte og ta ansvar i kyrkjelyden sitt arbeid på Litle Sotra.
- Støtte misjonsprosjekt innan ulike misjonsorganisasjonar.

Arbeidsform:

- Ope arbeid med forpliktande medlemskap.
- Møte siste torsdag i månaden.
- Eit fellesskap med kristen og inkluderande profil.

Medlemskontingenten er kr. 350,- pr år, og den går uavkorta til «årets misjonsprosjekt», som vekslar mellom eit indre og eit ytre misjonsprosjekt. Er du interessert i å være med i Mannsgruppa, ynskjer vi deg hjarteleg velkommen. Ta gjerne kontakt med leiar Bjørn Andersen, tlf. 56332993 eller 90892950.

Treff i kyrkjelydssalen i Foldnes kyrkje

– Det er eit sterkt behov for slike møtestader for dei eldre, seier Ellen Ebbesvik som er leiar for Treff-samlingane i Foldnes og Landro.

Då Kyrkjebladet var på besøk var tema «Kvinna ved brønnen», og Nina Hellesen Fjærtoft frå Foldnes var på besøk. Ho leste egne dikt og fortalte om Jesu lækjande kjærleik.

Ho peika på at Jesus kjente godt til kven denne samaritanske kvinnen var. Ei kvinne som kjende seg uverdig og fordømt. Likevel ba Jesus henne om ei teneste, om ho ville gi han vatn å drikke. Jesus braut mange menneskebod for å nå inn til kvinna skamfulle hjarte.

– Det er godt å lese, for mange gonger så kan også vi føle oss uverdig, seier Nina og deler av eigen erfaring.

– Men i møtet mellom den samaritanske kvinna og Jesus blir det sanning,



og fridom og tryggleik. Ho set frå seg krukka og spring inn i byen. Sånn er det for oss alle. Når vi blir forløynt i møte med Jesus, då må vi berre fortelle vidare om Han.

– Det er veldig kjekt å vere her. God undervisning, gode temaer og trivelig fellesskap. Her treffer eg mange gamle kjente. Eg er med på Treff kvar gong det

er, seier ei kvithåra dame vi prata med.

Det er Treff i kyrkjelydssalen i Foldnes kyrkje kvar første onsdag per månad. Det starter på formiddagen, kl. 11.30 og varer til om lag kl 14.00. Det er tilsvarande Treff i Landro kyrkje kvar siste onsdag per månad. Det blir servert varm mat, undervisning og fellesskap på desse treffa. **MLA**

Ny sosial møteplass for seniorar

Velkomen til ny sosial møteplass med kultur- og aktivitetstilbod for yngre og eldre seniorar! AKTIV + vil vera eit tilbod kvar tysdag på Sotra Arena mellom kl. 10.30-14.00 frå og med 28. oktober 2014.

I ei kartlegging som er gjort blant seniorar i Fjell kommune, har det kome fram ønske om ein sosial møteplass med høve til kulturopplevingar, ulike aktivitets- og arbeidstilbod og kos rundt felles måltid. AKTIV+ tek sikte på å møte desse behova!

Første samling vert den 28. oktober kl. 10.30. Du kan då få høyra om:

- «Senior i Fjell - Sjef i eige liv» ved omsorgssjef Line Barmen
- «Det gode liv med mange diagnoser» - ved tidlegare høgskulelektor Else Aares
- Program og aktivitetar for Aktiv + fram til jul

I etterkant av felles samling vert det høve til omvising i hallen, kort tur på grusvei rundt vatnet ved Sotra Arena og



Sotra Arena

kjøp av middag i kantina. Vi avsluttar kl. 14. Høyrest dette interessant ut, er det er berre å møte direkte opp på Sotra Arena. Det er og mogleg å melda seg på: Fjell Frivilligsentral tlf. 55 09 69 29 / frivillig@fjell.kommune.no

Treng du transport for å koma deg fram – eller er du ein sjåfør som kan henta nokon, ønskjer vi at du tek kontakt med Fjell Frivilligsentral.

Frå 4. november startar ordinært program. Då kan ein velja mellom ulike aktivitetstilbod frå kl. 10.30. Frå kl. 12 er det mogleg å delta på kulturinnslag/foredrag. Vi treffes til slutt i kantina for prat og eit godt måltid.

AKTIV+ vil drivast av frivillige organisasjonar og utviklast i tråd med ønske frå dei som deltek. Vi inviterer no andre organisasjonar i Fjell eller enkeltmenneske som vil delta i vidare utvikling av AKTIV+ til å melda seg. Samstundes ber vi om tips frå seniorar generelt om kva aktivitetar dei ønskjer skal koma med i tilbodet.

Merk at folk kan møte opp på samlingane utan å vera medlem i ein eller fleire organisasjonar.

Har du tips eller spørsmål, kontakt gjerne prosjektleiar i Fjell kommune: Janne Mo tlf. 55 09 71 52 / 47 82 34 25 janne.mo@fjell.kommune.no

Home-Start hjalp tobarnsmoren Nouran Boushi ut av isolasjon:

Nouran fikk en samtalepartner og barna fikk en «reservebestemor»

– Det var veldig godt å bli kjent med Mariann gjennom Home-Start. Hun ble som en av familien, en jeg kunne snakke med om alle ting, sier tobarnsmoren Nouran Boushi som bor på Ågotnes.

Familien Boushi måtte dra fra Syria for tre år siden. De ble plassert i asylmottaket på Finnsnes ved Tromsø. Sønnen Nour var to år da de kom til Norge. På asylmottaket fikk de en ny baby, datteren Celine.

Mannen Qays, som er kokk, jobbet veldig mye for å få erfaring med å lage norsk mat, slik at han skulle klare å få seg fast jobb. Nouran var veldig mye alene med barna. I to år hadde hun liten kontakt med andre.

– Når vi kommer til et nytt land, må vi begynne helt på null, sier Nouran som er utdannet lærer i hjemlandet. Men utdanningen er ikke godkjent her.

For et år siden kom familien til Fjell. For Nouran var dette en tøff tid. Den eneste hun traff utenom familien var helsesøsteren når hun var på kontroll med babyen.

Deprimert

– Det var veldig kjedelig å være så mye alene. Jeg kjente ingen her. Jeg var alene med barna hele dagen. Jeg ble sliten og deprimert, forteller Nouran.

– Når en lever isolert fra samfunnet, er det vanskelig å finne venner.

– Fordi jeg hadde en liten baby, og barnet må være ett år for å få komme i barnehage, så kunne jeg ikke gå på norskkurs. Det er tungt å bo et sted og ikke forstå språket. Du går på butikken for å handle, men kan ikke lese hva varene inneholder, sier Nouran.

Det var helsesøster som anbefalte Nouran å ta kontrakt med Home-Start.

Nytt familiemedlem

– Det var veldig godt å bli kjent med Mariann. Vi kunne gjøre ting sammen. Endelig kunne jeg gå til svømmehallen. For jeg kunne jo ikke dra til dit alene med to barn, sier Nouran.

– Mariann kunne hjelpe oss å forstå



Nouran og Mariann fant fort tonen.



Familien Boushi fikk hjelp av HomeStart. Fra v. Nouran, Celine (2), Qays og Nour (5).

barnas situasjon i barnehagen. Hun lærte oss hva som er typisk norsk. Hun lærte meg å bake kaker til jul og påske. Og så kan hun hjelpe til med ting som jeg ikke kan, som for eksempel å synge norske sanger med barna. Av og til så kaller vi henne for «mormor», sier Nouran.

Får mye tilbake

– Dette har vært helt fantastisk for meg. Jeg får veldig mye tilbake. Rollen som familiekontakt er å være en god nabo eller venn, sier Mariann Tjeldstø som før hun ble med i Home-Start var usikker på om hun hadde noe å bidra med.

– Opplegget fra Home-Start er at vi

setter av 2-4 timer i uken til å besøke en familie. En familiekontakt fra Home-Start er ikke en behandler. Vi møtes på lik linje, som en medvandrør for en tid, sier Mariann som gikk på kurs hos HomeStart før hun fikk tildelt «sin» familie. Hun sier hun har fått god oppfølging fra ledelsen underveis.

– Kjemien er viktig. Mariann og Nouran fikk god kontakt med engang, sier Brynhild Eide og Hilde Wergeland som er ledere for Home-Start i Fjell.

– Home-Start-avtalen er nå gått ut, men vi vil fortsette å holde kontakten som venner, sier Mariann Tjeldstø.

Seks måneder

– Home-Start handler om at våre frivillige skal binde seg for seks måneder for å gå til en familie, sier Hilde Wergeland i Home-Start.

– Det er et ordtak som heter: «Det trengs en hel landsby til å oppdra et barn». Foreldre trenger hjelp fra andres erfaring. Derfor er det viktig med et nettverk for alle som ikke har familie rundt seg, sier Brynhild Eide.

Lys fremtid

Asylsøkere får gratis norskopplæring i to år. Etter at datteren ble gammel nok til å komme i barnehagen, fikk Nouran anledning til å begynne på skolen. Etter ett år er Nouran blitt flink i norsk allereide. Hun kommuniserer lett.

– For bare et år siden måtte jeg snakke engelsk, sier hun.

Nouran går på norskkurs tre dager i uken. Hun har også fått seg en deltidsjobb, to dager i uken i resepsjonen på et hotell.

– Jeg har hatt to liv. Et her, og et som vi hadde i Syria. Spør meg ikke om forholdene i hjemlandet mitt. Jeg kan ikke gå inn på det, for da bryter jeg sammen, sier Nouran, mens øynene fylles av tårer.

– Men vi er her i Norge nå. Og vi har bestemt oss for å se fremover og skape et godt liv og en fremtid for barna her. Takk til Home-Start og Mariann som hjalp oss i en vanskelig periode. **MLA**

Skulegang for fattige barn i Laos og støtte til kyrkjesenter i Thailand

Fjell kyrkje har to misjonsprosjekt, School Support Laos og kyrkjesenteret i Mukdahan i Thailand, det same som Landro kyrkje.

«School Support Laos» er eit prosjekt som vart starta i år 2000 av Marit og Satad Ngamchalad. Det går ut på å støtte dei fattigaste barna slik at dei kan få gå på skule. I Laos må barna skaffe skulemateriell og skuleuniform sjølv om dei vil gå på skule.

I dag er det 600 barn som får støtte til å gå på barne-skule, 100 som får støtte til å gå på ungdoms- og vidaregåande skule og 50 som går på høgskule og universitet.

Kostnadane for å halde eit barn i grunnskulen i Laos er 300-500 kr per år.

Studentar på lærarhøg-



Skulegang for fattige barn i Laos.

skolen (2 eller 3-årig) kostar 10 000 kr per år.

For oss er dette små summer, men ved å støtte desse barna kan dei skape seg ei ny og betre framtid.

Mukdahan

Fjell kyrkje og Landro kyrkje sin misjonsavtale med NMS sitt misjonsarbeid i Thailand er nyleg fornya for tre nye år. Arbeidet vi støtter er kyrkjesenteret i Mukdahan, som blei innvigd i



Dåp i Mukdahan i Thailand.

24. mars 2009. Dette senteret ligg nordaust i Thailand ved Mekongelva på grensa til Laos i Isan-provinsen. Første dåp blei gjennomført her 1. påskedag i 2006. Då blei 24 personar døypte.

Målet for arbeidet ved kyrkjesenteret i Mukdahan er å setja thaiane i stand til å driva evangelisering der dei er i kvardagen for at dei skal nå flest mogleg med evangeliet om Jesus Kristus.

Er misjon noko for deg?

Då kan du engasjera deg ved å:

- Be for utsendingar og misjonsarbeid.
- Ved å gje pengar/gjevarteneste for at misjon framleis kan drivast.
- Ved å vera med i foreining / gruppe.

Du er VELKOMMEN til å vera med!

Av Torbjørn Fjøren

Kassonkèfolket i Mali får bibel og skriftspråk

Foldnes kyrkje har dette året gjennom Menighet og Misjon (SMM) bunde seg til to prosjekt i regi av Normisjon i Mali.

Det eine prosjektet om å støtte bibelskulen i Bafoulabè er ei vidareføring av misjonsprosjektet me har hatt tidlegare. Oversetjing av Bibelen til språket kassonké er nytt av året. Misjonsavtalen med Normisjon går fram til 2017 og me ynskjer å vere med å be for arbeidet og støtte prosjekta økonomisk.

Det nye testamentet vart ferdig oversett til kassonké i 2008. Før oversetjingsarbei-



Ei kassonke-kvinne.

det vart sett i gong, var det ingen felles norm for skriftspråket til kassonké. Oversetjingsarbeidet har vore med på at kassonké no er eit offisielt språk i Mali. Pengane me skal samle inn i Foldnes går til å oversetje

Det gamle testamentet til kassonké. Få som snakkar kassonké kan sjølv lese sin eigen bibel, men delar av Bibelen har etter oversetjinga blitt dramatisert og vert sendt på ein rekkje lokalradiostasjonar i området.

Bibelundervisning er eit av dei viktigaste satsingsområda til Normisjon i Mali.

I samarbeid med den lutherske kyrkja Église Évangélique Luthérienne du Mali (EELM), driv Normisjon ein bibelskule som har som mål å utruste unge kristne. Skulen har rundt 10 elevar og noverande rektor er frå nabolandet Kamerun.

Tidlegare har mellom anna Harald Fylling som var prest i Foldnes vore rektor der.

Elevane kjem frå ulike landsbyer i området og går på skulen i fire månader av gongen. Etter tre semester har dei fullført utdanninga og er klar for å gjere ulike tenester i kyrkja. Mange av elevane vert evangelistar etter at dei er ferdig på bibelskulen.

Misjonæranne frå Noreg er med å underviser på skulen. I tillegg bidreg også lokale forelesarar i undervisninga. Meir informasjon om prosjekta finn du på: www.normisjon.no

Av Torbjørn Fjøren

Lokale musikere med «Staskonsert»

Konserten 8. november i Fjell, har fått tittelen «Staskonsert». Det er fordi vi har samlet noen av de beste, lokale musikere vi har til en konsert som vil gi smakebiter fra instrumental jazz til country.

Trygve Hellesen er en glimrende instrumentalist som har en egen evne til å fylle lydbildet med de mest smekten-de toner. Hans saxofon og fløytespill er en nytelse å høre og denne kvelden har han samlet et stjernelag.

Solveig Konstanse Algrøy Hjørnevik fikk tidlig i sin oppvekst mange musikalske utfordringer både i korarbeidet på Algrøy og reiste rundt på Sotra og om-



egn i gruppa Flammen. Etter noen år på Kongshaug Musikkgymnas fant hun også entertaineren i seg. Det musikalske bidraget denne kvelden vil være noen av hennes egne låter samt andre ting.

Eva Rosa Knapskog har alltid sunget. Hun har mye på hjertet og skriver sine egne sanger. Låtskrivingen tok form på musikklinjen, Ansgarskolen. Eva stiller denne kvelden med et solid band.

ZuzuBand starta opp i 1995, med

medlemmer som alle hadde sin bakgrunn fra Ten Sing i Fjell Kirke. Bandet har hatt ein varierende struktur opp igjennom, men har de siste seks årene hatt god aktivitet. Reportuaret består av i all hovedsak av gitarbasert rock og pop fra de siste 30 årene. Bandet består av Sølvi Kobbeltvedt og Torben Arefjord (vokal), Jan Eide (el gitar), Martin Engelsen (akk gitar), Åge Straume (bass), Steinar Bergsvik (trommer).

Av Svein Arthur Pedersen



Vokalensemblet Sotra Reviderte Haust 2014

Hovedsatsing for hausten er framføring av W. A. Mozart's Requiem saman med fleire kor i Bjørvin Kirkesangforbund.

Framføringane finn stad **siste helg i oktober** i Erdal kirke, Askøy, og Skjold kirke, Bergen.

Ein konsert er òg planlagt å finne stad i Foldnes kyrkje

Søndag 8. mars 2015.

Fleire viktige datoer:

Søndag 2. november kl. 20.00:

Evensong etter anglikansk tradisjon i Fjell kyrkje.

Tirsdag 16. desember kl. 20.00:

Julekonsert i Fjell kyrkje

Søndag 21. desember kl. 17.30:

«Vi syng jula inn» i Fjell kyrkje.

1. juledag kl. 12.00:

Høgtidsgudsteneste i Fjell kyrkje.

Vil du vere med i Sotra Reviderte?

Du er hjarteleg velkomen!

Ta kontakt med:

Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287
Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988

Julekonsert i Fjell kyrkje

Den storslåtte julekonserten «Stille natt, hellige natt» kommer til Fjell kyrkje søndag 30. nov. kl 17.00.

De var først ute med å reise rundt i førjulstiden med profesjonelle artister. Etter 27 år på veien kan man trygt si at «Stille natt, hellige natt» er blitt en vel-etablert tradisjon i førjulstiden.

Mange artister har vært med i ensemblet, og i år har vi med fire av våre mest etablerte artister.

Elisabeth Andreassen er en av våre mest folkekjære artister.

Tor Endresen er kalt en «musikalsk kamelon» fordi han mestrer nesten en hver musikalsk sjanger. Tor er den i år-ets ensemblet med lengst fartstid.

Marian Aas Hansen er med for 14 året på rad, og for mange av de mest trofaste publikummerne blir det ikke jul før hun har sunget «Himmelen i min favn».

Rune Larsen har drevet med julekonsert helt siden 1984. De siste 13 årene har han delt sine juletanker i «Stille natt, hellige natt».



Produsenten, Tor Arne Ranghus i Taran vil at de fire artistene samt to eminente musikere, Jon-Willy Rydningen og Olav Torget, skal sørge for julestemningen i store deler av landet.

Dette er 15. gang på rad at Strømmestiftelsen er medarrangør, og juleturneen har innbragt over 6 millioner kroner til hjelpearbeidet, bl.a til HIV-smittede barn i Afrika og gatebarn i Sør-Amerika.



Basecamp-teamet saman med Marco Elsafadi (t.v.)

10 år med Basecamp på Sartor

Foreninga Basecamp ungdomsdiakonitiltak sitt 10-årsjubileum vart feira med ein jubileumskonferanse i kultursalen.

– Dette er eit stjerneeksempel på kva ein kan få til med privat og offentleg samarbeid. I dag ser vi at lokaliseringa på Sartor blei ein suksess, sa ordførar Eli Årdal Berland.

Basecamp er eit rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak for ungdom mellom 13 og 20 år på Sartor Storsenter.

Foreninga er eigd av Fjell sokneråd, Sartor Storsenter og Fjell kommune. Senterleiar Thomas Skålnes uttrykte at samarbeidsprosjektet er unikt og har gått svært bra.

– Basecamp har også ei sentral og viktig rolle i framtida, sa Skålnes.

– Basecamp ønskjer å lytta, rettleia og hjelpa ungdommen, seier dagleg leiar i Basecamp, Nils Ivar Honningdal.

– Skal du kommunisera med ein ungdom, må du koma posisjon relasjonelt. Dei må verta i stand til å ta imot kjærleik, sa tidlegare basketballspelar og initiativtakar til stiftinga New Page, Marco Elsafadi, som var føredragshaldar i jubileumskonferansen. Elsafadi understreka at å byggja opp arbeid retta mot ungdom tek tid.

Soknerådsleiar Dag Olav Bjørøy påpeika at kyrkja har fått vore med å definera verdigrunnlaget for Basecamp.

– Jobben er å hanka inn ungdom som ser ut til å vera på feil kurs, sa Bjørøy.

Lensmann Helge Stave poengterte at Basecamp er døme på noko som fungerer i det førebyggjande arbeidet.

Ordførar Eli Årdal Berland og leiar for drift, Vidar Arnesen, smakar på jubileumskaka.



T-dagar 2014

- **T-DAGEN** er den årlege trusopplæringsdagen for barnet og ungdommen!
- **T-DAGEN** er å bli kjent med trua ein er døypt til!
- **T-DAGEN** er viktig for å erfare at vi er ein del av kyrkja!

Påmelding, informasjon og bilete:
www.t-dagen.no



T6 Tysdag 19., onsdag 20. og torsdag 21. august i Foldnes, Landro og Fjell kyrkje: **Skulestartdag.**

T14 Onsdag 27. august i Foldnes, Landro og Fjell kyrkje: **Konfirmant kick-off.**



T4 Søndag 7. september i Foldnes, Landro og Fjell kyrkje: **Utdeling av «Mi kyrkjebok».**

T12 Fredag 19. september. Tema: **På sporet av Jesus.**



T7 Søndag 28. september: **Pilegrimsvandring Morland – Fjell kyrkje.**

T10 Fredag 7. november: **Planleggingsdag.** Tema: **Bibelen.**



T2 Laurdag 29. november. **Myldredag.** Tema: **Størst i Guds rike.**

T3 Laurdag 29. november. **Myldredag.** Tema: **Advent.**



T1 **Babysong:** Ein måndag i månaden.



T1+ Veke 49 i Foldnes, Landro og Fjell kyrkje: **Julevandring.**



t-dagen
trusopplæringsdagen i Fjell

www.t-dagen.no

T6 - Skulestartdag



Når: 19., 20. og 21. august
Kvar: Foldnes, Landro og Fjell kyrkje
Kven: 55 flotte fyrsteklassingar med foreldre og føresette
Tema: Sakkeus / «Ny start»



T7 - Pilegrimsvandring

Når: 28. september
Kvar: Den gamle Kyrkjevegen frå Morland til Fjell kyrkje
Kven: 21 andreklassingar, milk-leiarar og andre medvandrarar
Tema: Pilegrimsvandring med forteljinga om Emmausvandra-rane.



T4 - Mi kyrkjebok



Når: Søndag 7. september
Kva: Familiegudsteneste og utdeling av Kyrkjeboka
Kven: 52 stolte fireåringar og deira familie og fadrar. Kor og søndagsskular med mange barn, ungdom og vaksne som var med på gudstenesta og som ordna fest og kaker til kyrkjekaffien!
Tema: Trygg hos Jesus



T12 - På sporet av Jesus

Når: 19. september
Kvar: I «Galilea» (I og rundt Foldnes kyrkje)
Kven: 27 sjuandeklassingar, Lukas, søstera til den lamme mannen, Peter, Sakkeus, Maria Magdalena og ein synagogeforstandar.
Tema: På sporet av Jesus.



T14 - Konfirmant kick off

Når: Onsdag 27. august
Kvar: Foldnes, Landro og Fjell kyrkje
Kven: Nesten 300 ferske konfirmantar med foreldre. TenSing song og spelte.
Tema: Konfirmantåret.



T10 - Bibelen

På planleggingsdagen **fre-dag 7. november** blir det **T10-dag** i Foldnes kyrkje for alle som går i **5. klasse**. Dagen startar klokka 08.30. Vi skal bli betre kjend med **Bibelen** gjennom kjekke aktivitetar ute og inne, film, besøk av gjestar og song og musikk. Heile familien er velkomen til middag klokka 16, og saman avsluttar vi dagen med T10-framsyning, der borna viser litt av det dei har opplevd og lært. Gå ikkje glipp av T10-dagen!



T2 - Myldredag



Alle som er fødde i **2012**, er velkomne til **T2-dag laurdag 29. november kl. 15-17.30** i Fjell kyrkje.

Temaet er «**Størst i Guds rike**». Dette skal borna få oppleve på ulike stasjonar i kyrkja, til dømes gjennom forteljing, musikk, sanserom og ein enkel

formingsaktivitet. Vi serverer graut og saft. Kort avslutning i kyrkjerommet.

T2-helsing med invitasjon vert sendt ut i midten av november til dei som er fødde i 2012.

Velkommen!

T3 - Advent



Det blir **T3-dag laurdag 29. november kl. 11-13.30** i Fjell kyrkje. Temaet er «**Advent**». Vi skal høyre juleforteljinga, synge og spele saman, lage noko fint, og ete risgraut. Vi avsluttar med ei flott «myldregudsteneste» i kyrkjerommet. T3-helsing med invitasjon vert sendt ut i midten av november til dei som er fødde i 2011.

Velkommen!

Velkomen på T-dager i haust

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på www.t-dagen.no eller på tlf. 55 09 74 40. Spør etter Rannveig, Elisabeth eller Astrid.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.
- Vil du sjå fleire bilete? Sjekk www.t-dagen.no



Velkommen til gudsteneste

Dato	Kyrkjeårsdag	Kyrkje	Kl.	Gudsteneste	Dåp	Prest	Takkoffer/merkn.
12.10.14	18. søn i treein.tida	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	Amathea /Konfirmantjubileum
19.10.14	19. søn i treein.tida	Fjell kyrkje	11:00	Familiegudst.	Nattv	Unneland	TV-aksjonen / Hausttakkefest
19.10.14		Foldnes kyrkje	11:00	Familiegudst.	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	TV-aksjonen / Hausttakkefest
19.10.14		Landro kyrkje	11:00	Familiegudst.	Dåp	Nese	TV-aksjonen
26.10.14	Bots og bønndag	Fjell kyrkje	11:00	Ung Messe	Dåp/Nattv	Tveten	Krik Hordaland
26.10.14		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Haugland	Areopagos
26.10.14		Foldnes kyrkje	18:30	Bibel bøn lovsong	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	Norsk Gideon
01.11.14		Fjell kyrkje	14:00	Barnedåpsgudst.	Dåp	Unneland	
02.11.14	Helgemessesøn.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Kopperud	Flyktningehjelpen / Vigsling av Kleivane gravplass kl 12.45
02.11.14		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Haugland	Familie og medier
02.11.14		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Nese	Kalfarfarhuset
09.11.14	22. søn i treein.tida	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Nese	Norsk misjon i Øst
09.11.14		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Ekerhovd-Ottersen	Norsk misjon i Øst Tale ved Einar Ekerhovd
16.11.14	23. søn i treein.tida	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Nese	Kirkens sosialtjeneste
16.11.14		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	Maritastiftelsen
16.11.14		Landro kyrkje	18:30	Ung Messe	Nattv	Tveten	
23.11.14	Kristi Komme søndag	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Haugland	Viken senter for psykiatri og sjelesorg / Soknemøte
23.11.14		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Unneland	Ungdom i Oppdrag / Soknemøte
23.11.14		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Kopperud	Norsk misjon i Øst / Soknemøte
30.11.14	1. søn i adv	Fjell kyrkje	11:00	Familiegudst.	Dåp		Navigatørene
30.11.14		Foldnes kyrkje	11:00	Familiegudst.	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	Care Norge
30.11.14		Landro kyrkje	11:00	Familiegudst.	Dåp	Nese	Norsk folkehjelp
30.11.14		Foldnes kyrkje	18:30	BibelBønLovsong	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	Strømmestiftelsen SKRIK-aksjonen
07.12.14	2. søn i adv	Fjell kyrkje	18:00	Lysmesse		Haugland	Studentforbundet
07.12.14		Foldnes kyrkje	18:00	Lysmesse		Ekerhovd-Ottersen	Bergen Bydiakoni
07.12.14		Landro kyrkje	18:00	Lysmesse		Nese	Gimlekollen
13.12.14		Fjell kyrkje	07:00	Ottesong		Nese	Redd barna Kulturskolen sinottesong
14.12.14	3. søn i adv	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Leif Jarle Theis	Ung Kirkesang
14.12.14		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Nese	Kristent pedagogisk forum
14.12.14		Landro kyrkje	17:30	Vi syng jula inn		Nese	

Med forbehold om endringar i forrettane prest

Barnekoret i Landro

Barnekor-øvingane i Landro kyrkje blir til Familiekor for store og små frå og med tysdag 4. november, til og med tysdag 9. desember, kl. 17.30 til 18.45.

Vi skal øve på julemateriell, og opptre på «Vi syng jula inn» søndag 14. desember.

*Vil du vere med, kontakt organist Eline Olsen
(90605332)*

Vigde

16.08. Fjell kyrkje

Kjersti Clausen Bakke og Torbjørn Nedreaas
 Birthe Christine Johansen og Steffen Andre Schjerven
 Vibece Helen Jenssen og Stian Oksnes

23.08. Fjell kyrkje

Elise Hordvik og Einar Algrøy
 Hege Marie Kallestad og Kjetil Merchant Sunde
 Natalie Bruvik Marthinsen og Christian Bernestangen

30.08. Fjell kyrkje

Kjersti Norevik og Trond Brekke
 Monica Stensli Algrøy og Mattias Kaldestad Van Den Hoven

06.09. Fjell kyrkje

Jeanett Kårtveit Hauge og Jim Andre Kårtveit Hauge
 Evy Helen Sjøderstrøm Johnsen og Jan Helge Johnsen
 Iselinn Kårtveit Monssen og Eivind Monssen

06.09. Foldnes kyrkje

Lise Marie Hatlen Heimdal og Torbjørn Lone

13.09. Fjell kyrkje

Monica Skoge og Jan Martin Antonsen
 Camilla Ormevik og Johannes Stenberg Saxe

20.09. Fjell kyrkje

Tanya Marie Page Aase og Leif Sverre Aase
 Maria Espelid Turøy og Joakim Kristiansen Ådland

27.09. Fjell kyrkje

Christine Hjartøy og Ketil Fjell



Døyppte

17.08. Fjell kyrkje

Saga Marie Aase Kvamme
 Olav Lokøy Liland
 Savannah Marie Solsvik Lygre
 Leonard Lyssand
 Martine Tellnes Molland

24.08. Foldnes kyrkje

Samuel Andreas Arefjord
 Nicolai Birkehaug
 Simon Aase Karlsen
 Selina Dahl Lillebø
 Elisabeth Ditlefsen Opheim
 Johan Torsvik

24.08. Loddefjord kyrkje

Adela Ortiz Sætersdal

30.08. Fjell kyrkje

Julian Chrisander Francis Malmo

31.08. Lensvik kyrkje

Adam William Amland

31.08. Foldnes kyrkje

Tobias Straume Ekerold
 Sophia Hofstad

31.08. Fjell kyrkje

Tobias Mikkelsen-Spjeld
 Noah Dale Aasen

07.09. Fjell kyrkje

Niclas Wen Dalseide
 Marina Algrøy Glesnes
 Ella Solsvik Økland

14.09. Fjell kyrkje

Sebastian André Bakke-Kolltveit
 Mathias Norheim Ekerhovd
 Sofia Engan Elverum
 Melissa Tøkje Nyborg

21.09. Foldnes kyrkje

Jasper Algrøy Hansen
 Vilde Lindebjerg Skarnagel
 Tobias Lie Soldal

27.09. Fjell kyrkje

Kaspian Hjartøy Fjell

28.09. Fjell kyrkje

Sofie Christiansen Barvik
 Ester Louise Fjøren
 Martin Foldnes
 Tore Magnus Fosse-Vik
 Elias Sæle Steensnæs
 Mathilde Noline Vik

28.09. Klepp kyrkje

Lasse Hattaland

28.09. Jondal kyrkje

Andrea Hitsøy Sollesnes

01.10. Fjell kyrkje

Victor Manuel Baselga Baez

Døde

Mikkel Kobbeltvedt	1918
Sigrd Solheim	1923
Gerd Olsen	1949
Bergit Ivarda Sekkingstad	1926
Pia Mikkeltborg	1976
Ingolf Magne Algerøy	1935
Borghild Kristine Sandtorv	1916

Vår Herre Jesus Kristus seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.»

Joh. 11,25-26

Takk!

Hjertelig takk for all omtanke og deltakelse, blomster, kranser og vennlige ord ved vår kjære pappa, Mikkel Kobbeltvedt's bortgang og begravelse.

En spesiell takk rettes til de ansatte på Kvednatunet, avd. 4, for god pleie og omsorg.

Vi vil også takke prost Erling Kopperud og Knut Helge Polden for god hjelp og støtte – som gjorde begravelsen til en minnerik og fin stund.

Så en stor takk til Roy Vorland for nydelig solosang.

Takk for pengegaven til Kvednatunet avd. 4, kr. 7000,-

Med vennlig hilsen, Målfrid, Odd-Henning, Harald og Turid m/familie



**Leirstedet til
Midthordland
Indremisjon**




- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement
Tlf. 56 31 04 40
Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Lenes Bakeri & Catering

Koldtbord m/hjemmebakt ass. brød pr. kuvertkr. 175,-
Luxusnitterkr. 18,-
Hvit dame 15 personer.....kr. 300,-


Gratis tilkjøring
Bestilling på tlf. 56 33 44 10 / 56 33 33 10



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL

Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no

STASKONSERT
Fjell kyrkje Lørdag 8. november kl. 19.30



Trygve Hellesen m/ band
Solveig Algrøy Hjørnevik m/ band
ZuZu Band
Eva Knapskog m/ band

Billetter: 200,- student 100,- familie 500,- på Billettservice og ved inngang
Arr: Musikkutvalget i Fjell

billettservice
Skjerveveien 10

- Snitter
- Koldtbord
- Varm mat
- Overtidsmat
- Kaker

Tlf. 56 33 11 50

Royal Cateringservice as

MARKERING AV KRYSTALLNATTEN

i Bibeskulehallen, søndag 9. nov. kl 18.00

Innlegg av Svein Alsaker, Erik Furnes, Ola Grytten, Anita Apelthun Sæle, Morten Rasmussen, Per Gunnstein Nes, Kurt Urhaug. Musikalske og kulturelle innslag.

Arr. Sartora og NIF Bergen

Gravferdsannonser

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Tom Wilson Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Bjørøvin
BEGRAVELSESBYRÅ

Gravferd slik pårørende ønsker det. Verdighet. Omtanke. Lavere priser.

DØGNVAKT
55 20 23 00

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet



Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

Sentralbord: 55 09 74 40

Epost: post.kyrkja@fjell.kommune.no

VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud, 55 09 74 42 – 90 85 89 39
epost: erling.kopperud@fjell.kommune.no

Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612
epost: unnel@online.no

Prosteseekretær: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell: kvardagar frå kl 09.00-15.00

55 09 74 40 / 93 41 46 22

elles ring beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

ADMINISTRASJON

Kyrkjevevjer: Annlaug Børve 55 09 74 48 / 47 30 45 30

epost: annlaug.borve@fjell.kommune.no

Ass. kyrkjevevjer: Borghild Hustad Berge

55 09 74 45 – 99 70 69 42

epost: borghild.berge@fjell.kommune.no

Sekretær: Gerd Fjeld Andersen 55 09 74 40

Kontorsekretær: Anne-Kari Vik 55 09 74 63

epost: anne-kari.vik@fjell.kommune.no

PRESTAR

Fung. sokneprest: Bjarte Nese 55 09 74 52

epost: bjarte.nese@fjell.kommune.no

Seniorprest: Godtfred Haugland 55 09 74 51

Kapellan: Petter A. Ekerhovd-Ottersen 55 09 74 46

Ungdomsprest: Maria Tveten 55 09 74 60

DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren

55 09 74 47 - m. 92 29 53 77

epost: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no

Ungdomsdiakoner Basecamp 55 09 74 58

– Nils Ivar Honningdal 99 46 88 70

UNDERVISNING

Kateket: Mildred Fjøren Heggernes 55 09 74 49

epost: mildred.heggernes@fjell.kommune.no

Kateket/ t-teamsleiar: Rannveig Vestbøstad Vik 55 09 74 61

epost: rannveig.vik@fjell.kommune.no

Kyrkjelydsped. / t-team: Elisabeth M. Jung 55 09 74 62

Kyrkjelydsped. / t-team: Astrid A. Myskja 55 09 74 53

Ungdomsarbeidar Kristine Rykkje Hopland 55 09 74 54

Ungdomsarbeidar Trygve Austeng 55 09 74 54

Følg oss på facebook:

www.facebook.com/groups/147818912015549/

KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01

epost: olav.sorheim@fjell.kommune.no

Organist i Foldnes: Endre Dävøy 56 32 41 90

Organist i Landro: Eline Olsen 90 60 53 32

DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55 – 93 07 07 41

epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17

Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29

Lærekandidat: Vegard Lynglund

Kyrkjetenarar i Fjell: Ingalis A. Malmo 56 33 25 01

Kyrkjetenar i Foldnes: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Kyrkjetenar i Landro: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

FJELL SOKNERÅD

Soknerådsleiar: Dag Olav Bjørøy 917 51 706

Kyrkjelydsutvalet i Fjell:

Anne Elisabeth Hornnes 913 87 733

Foldnes kyrkjelydsutval:

Torhild Smith Wiker 926 54 475

Kyrkjelydsutvalet i Nordre Fjell:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit 995 90 448

www.fjell-kyrkjelyd.no

www.t-dagen.no

www.basecamp-sotra.no

Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (feks dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/ støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med:

På dagtid tlf. 55 09 74 40 / m. 93 41 46 22

Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: m. 95 48 36 55

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Seniorprest Godtfred Haugland	tlf. 55 09 74 51 (a)
Fung. sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (a)
Kapellan Petter A. Ekerhovd-Ottersen	tlf. 55 09 74 46 (a)
Ungdomsprest Maria Tveten	tlf. 55 09 74 56 (a)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70



T1-dag med
aby Song

Bli med og syng gamle og nye barnesongar!

T1 www.t-dagen.no

Velkomen til alle som er døypte dei tre siste månadene. Vi serverer lunsj. Velg den T1-dagen som passar best:

- 27. okt. kl. 10.30 – 12.30: Foldnes
- 17. nov. kl. 10.30 – 12.30: Fjell
- 8. des. kl. 10.30 – 12.30: Landro
- 12. jan. kl. 10.30 – 12.30: Foldnes

Påmelding: www.t-dagen.no
Telefon: 55 09 74 62

Ny på Sotra?

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell. Du er hjarteleg velkommen!

Foldnes kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Søndagsskule – under gudstenestene (når det ikkje er familiegudstene). Kontakt: Maria Wergeland

Treff – i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30 - 14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Bibel, bøn og lovsong. Sisten søndag kvar månad kl 18.30.

Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 55 09 74 46

Lukas Tensing – Måndagar frå kl. 18.30 i kyrkjerommet. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Ungdomslaurdag – i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

KM Kluzz – annankvar tysdag kl. 16.30 til 18.45. For heile familien!

Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik 55 09 74 61

Mannsgruppa. Kyrkjelydssalen i Foldnes ein torsdag i månaden.

Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

Fjell kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Tweensklubben – i Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00-21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Søndagsskule – under gudstenestene (når det ikkje er familiegudstene). Kontakt: Torun Svennevik, 976 71161

Retreatkveldar – Ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontakt: Terje Aannerød

Gjenbrukskveld – ein måndag i månaden. Frå kl. 19.00 i kyrkjelydsalen. Ta med gamalt tøy og sy nye skattar.

Vokalensemblat Sotra Reviderte. For alle som vil synge i a-capellakor, tysdagar kl.19.00-21.30. Kontakt: Jarle Hauge 482 84 287

Fjell kyrkjebrass. Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl.20.00-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

Fjell barne- og tweenskor. Annankvar tysdag på oddetallsveker.

1.-4.klasse 17.30-18.30. 4.-6.klasse 18.00-19.00.

Kontakt: Kari Mortensen 411 22 323.

Landro kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Onsdagsmøte - i kyrkjelydssalen kl. 19.30, ein gong i månaden. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

Taco-fredag – ein gong pr. mnd. kl. 17-19, første gong 26. september.

Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

Nordre Fjell barnekor – for deg som går i 1.-3. klasse, tysdagar kl. 17.30-18.40. Kontakt Eline Olsen 906 05 332

Nordre Fjell Tweenskor – for deg som går i 4.-7. klasse, tysdagar kl. 18.00-19.15. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Treff i Landro – siste onsdag pr. mnd. kl. 11.30-14.00.

Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Landroklubben – i kyrkjelydssalen fredagar kl. 18.30-20.00. for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

For meir info og mailadresser, gå inn på www.fjell-kyrkjelyd.no

HalloVenn

Karneval med tema: Gode venner i skogen!

Motto: "Det du vil at andre skal gjere mot deg, det skal du gjere mot dem!"

Ågotneshallen 31. okt. kl. 17.00-19.30
Åpning med Team Sulebakk og flere barnekor.
Godteri, pølser og aktiviteter inkl. i pris.

Pris: Barn kr. 100. Voksen kr. 100
Makspris pr. familie kr. 300 (tohaldre-barn)
Barn må komme i følge med voksen.
Forhåndssalg av bill. på www.checkin.no
Restsalg av bill. i døren

www.hallovenn.no
Arrangør: Landro kyrkje og Melodistkirken på Sotra

Bruk fantasien og kle deg ut med kostymer fra skogen! (skal ikke skremme andre - ikke skrekkmasker)

Godteri og aktiviteter! Dette blir gay!




HALLOVENN er blitt eit veldig populært arrangement. Det er eit karneval med tema: Gode venner i skogen!

Stad: Ågotneshallen 31. oktober kl. 17.00-19.30

Pris: Barn kr 100,- Voksne kr. 100,- Familier maks kr 300,-

Dersom du vil vere sikker på å få plass, er det lurt å førehandskjøpe billett på www.checkin.no



BARNE-KRYSSORD

Vannrett

1. Frukt
4. Land
6. Bindeord
7. Dobbel
9. Ordne
10. Nedbør
11. Tall (eng.)
12. Lever

Loddrett

1. Usynlig m/vengjer.
2. Tilbehør
3. Guttenavn
5. Bukett
6. Tresort
8. Skremme

Bli med i trekninga av en stor valgfri PEPPES PIZZA! Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume.
Merk konvolutt: «Kryssord»



Vinnar av Barnekryssord i nr. 4 2014:
Kirsten Solsvik,
Angeltveitveien 41,
5363 Ågotnes

Navn:.....

Adresse:.....

.....